

23.02.2011

Hugsar du Papillon?



Papillonskiltet lever vidare på Husnes

I den gamle Senter-garasjen på Husnes får nokon kvar ei overrasking eller skal ein kanskje heller kalla det aha-oppleving.  
 Der finn ein det fargerike skiltet som i si tid pryda motebutikken PAPILLON. Den gjorde mange ein god handel i gjennom ein 15-årsperiode, først i Uskedalen og så på Husnes..

Butikken vart dreven av Åse og Gianni Rebaudo og det er Gianni sjølv som har teke vare på skiltet og lagra det mellombels i garasjen. Han opplyser at det skal få ein permanent plassering i det nye kontoret hans som ligg i den tidlegare møbelbutikken til Herskedal ved innkjøyringa til Husnes.

No driv Giovanni i reklamebransjen.

Men han hugsar med glede dei mange åra i motebransjen, nærmere bestemt rundt rekna 10 i uskedalen og rundt rekna 5 i Senteret på Husnes.

Han starta her i bygda i 1989 der AFA held til og heldt fram der Byggeriet er å finna. Etter årtusenskiftet bar det til Husnes og der dreiv Åse og Giovanni til butikken vart nedlagt.

Skiltet er fargerikt og Giovanni kjøpte det i si tid i heimlandet Italia.  
 - Det er eit flott skilt, seier reklamemannen.  
 Ein sommarfugl flaksar ut til høgre.  
 For papillon er jo fransk og tyder sommarfugl.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen